

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.06.2010
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Utbyggingsprosjekt i private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest RHF - fordeling av strategiske midlar**

Arkivsak

2005/560/

Styresak 076/10 B

Styremøte 22. juni 2010

Forslag til vedtak

1. Stiftelsen Betanien blir tildelt eit kapitaltilskot på kr 9 mill til utbygging av psykiatrisk poliklinikk. Tildelinga skal regulerast i avtale.
2. Styret sluttar seg til den fordeling av strategiske midlar til Haraldsplass Diakonale Sykehus og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus som går fram av saka med dei atterhald som det er gjort greie for.
3. Endeleg tildeling blir behandla av styret som eiga sak. Tildelinga skal regulerast i avtale som blir lagt fram for styret for godkjenning.
4. Eventuelt restbeløp blir sett av til handtering av moglege uføresette og mindre prosjekt.

Oppsummering

I saka blir det gjort greie for status med omsyn til fordeling av strategiske midlar til private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest. For 2010 blir det gjort framlegg om tildeling av kr. 9 mill til Stiftelsen Betanien knytt til utbygging av nytt poliklinikkbygg. Restbeløp for 2010 blir sett av til handtering av moglege uførsette og mindre prosjekt. I tillegg blir det gjort framlegg om framtidig fordeling av midlar mellom Haraldsplass Diakonale Sykehus og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus.

Fakta

Styret i Helse Vest behandla i møte 7. mai 2008 sak 042/08 Utbyggingsprosjekt i private ideelle institusjonar som har avtale med Helse Vest RHF. Styret gjorde følgjande vedtak i saka:

Ordninga med kapitaltilskot til dei institusjonane som Helse Vest RHF har avtale med innan somatikk og psykisk helsevern blir vidareført med følgjande presisering:

- 1. Hovuddelen av midlane blir fordelt til alle institusjonane basert på omsetning i samsvar med dagens ordning, med opptrapping til 2/3 nivå i 2009, slik det er avtalt med institusjonane. Det vil i 2009 utgjera 36,1 mill kr.*
- 2. Dei private institusjonane sin del av auka kapitaltilskot som utgjer 21 mill. kr, blir sett av som et strategisk element. Midlane skal nyttast til delfinansiering av investeringsprosjekt som Helse Vest RHF vurderer som viktige for tenester og aktivitetar som inngår i "sørgje for" ansvaret. Ved fleire prosjekt må det prioriterast mellom prosjekta.*
- 3. Midlar som ikkje blir nytta eit år fordi eit prosjekt ikkje er starta opp nyttast til avgrensa eingongsinvesteringar i vedlikehald, mindre ombyggingar eller til forskotering av utgifter knytt til utbyggingsprosjekt, eventuelt blir fordelt etter kapitaltilskotsmodellen (som i pkt 1).*

Saka blei følgd opp med eit brev frå Helse Vest RHF i juni 2008 til dei aktuelle private ideelle institusjonane. I brevet blei det gjort nærare greie for bruken av dei strategiske midlane, kriteria for val av prosjekt og prosess knytt til fordelinga av midlane.

Frist for å melde inn aktuelle prosjekt blei sett til 1. september 2008. Innan fristen blei det motteke søknadar frå seks institusjonar med ein samla total utbyggingskostnad på ca 882 mill kroner. Prosjektet "Nye Haraldsplass" er det største prosjektet og i søknaden var det opplyst at utbyggingskostnaden for dette prosjektet er på ca 550 mill kroner. Etter møte med Haraldsplass Diakonale Sjukehus blei dette beløpet korrigert til 776,6 mill kroner. Det vil seie at samla total utbyggingskostnad per desember 2008 var berekna til ca 1109 mill kroner.

Prosjekta fordelar seg slik:

Institusjon	Prosjekt	Utbyggingskostnad	Søkt støtte for
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus	Utbygging (nybygg)	175	0
	Rehabilitering (gml bygg)	135	10,8 pr år
Haraldsplass Diakonale Sjukehus	Ny operasjonsstue – første trinn i Nye Haraldsplass	776,6	
	Ny sterilsentral		
	Ny parkering, samt fundamentering for pasienthotell og sengebygg		
	Pasienthotell		
	Nytt sengebygg		
	Ombygging gamal bygningsmasse, poliklinikk og sengeposter		
NKS Olaviken alderspsykiatriske	Investeringskostnadar 12 sjukehussenger på Askøy	37,5	37,5

sjukehus	Finansiering av 12 senger Haraldsplass (årlege leiekostnader)	3	1,5
Voss DPS NKS Bjørkeli	Rehabilitering aktivitetsbygget	8	5
Jæren DPS	Nytt undervisnings- og treningslokale	20	17
Stiftelsen Betanien	Vaksenpsyk. Heildøgnspost	80	
	Vaksenpsyk. Poliklinikk/dagavdeling	52,1	
	Parkeringshus	7	
	Tomteverdi	14,5	
	Forprosjekt	5	
	Totalt prosjektkostnader	158,6	
	Totalt søkt midlar for	132,1	68

Ved behandlinga av dei innmeldte prosjekta blei det konkludert med at alle institusjonane hadde søkt om støtte til utbyggingsprosjekt som er vurdert som sentrale i ivaretakinga av "sørgje for"-ansvaret, og som blei vurdert som viktige for dei tenester kvar ein skild av institusjonane skal levere etter avtale med Helse Vest RHF. Det blei konkludert med at ingen av prosjekta skulle bli avvist med den grunngeving at dei fell utanfor "sørgje for"-ansvaret, ikkje er knytt til dei tenestene som skal leverast eller fordi prosjekta er fagleg sett uviktige.

I styremøte 12. desember 2008 (sak 127/08) fordelte styret midlane for 2008 og 2009. Saka byggjer på eit prinsipp der dei mindre prosjekta blei søkt løyst innanfor dei midlane som er tilgjengelege dei første åra, for så å leggje eit meir langsiktig løp for dei større prosjekta.

Som eit sjølvstendig grunnlag for å prioritere dei minste prosjekta først blei det også uttala at det for dei større prosjekta var behov for å gjere ei nærare vurdering av dimensjoneringsgrunnlaget for prosjekta. Dette gjorde seg særleg gjeldande for Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus (HSR).

Kommentar

Per dato er følgjande prosjekt realisert med bidrag av strategiske midlar:

- Jæren DPS – nytt undervisningsbygg – tildelt 16 millionar kroner
- Voss DPS NKS Bjørkeli – rehabilitering av aktivitetsbygg – tildelt 5 millionar kroner
- Stiftelsen Betanien – ny vaksenpsykiatrisk sengepost – tildelt 21 millionar kroner

NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus har i dialog med Helse Vest RHF utarbeidd eit justert prosjekt som verksemda har dokumentert lar seg realisere utan tilføring av strategiske midlar. I brev til Olaviken 14. januar 2010 har Helse Vest presisert at verksemda sjølv må handtere dei likviditetsmessige utfordringane som følgjer av investeringa, og at Olaviken må gjennomføre prosjektet utan at sjukehuset blir tilført ytterlegare midlar frå Helse Vest.

Når det gjeld det samla prosjektet til Stiftelsen Betanien, blei følgjande uttala i styresak 127/08:

"Søknaden frå Betanien gjeld dels vaksenpsykiatrisk sengepost og dels nytt poliklinikkbygg. Det er stort behov for realisering av desse prosjekta, og Betanien har allereie sett i gang det første av desse prosjekta på eiga risiko. Også det andre delprosjektet er klart for realisering, men for å kunne kome i gang med denne utbygginga er det nødvendig å få på plass eventuell delfinansiering frå Helse Vest RHF. Etter drøftingar med Betanien legg ein til grunn at smertegrensa for nivå på støtte frå Helse Vest RHF ligg i størrelse ca 30 mill kroner".

I tillegg blei følgjande lagt til grunn ved prioritering av prosjekta:

"Stiftelsen Betanien blir prioritert med tanke på tildeling for 2009 i form av kontantfinansiering på 21 mill kroner og ytterlegare finansiering i/frå 2010".

Stiftelsen Betanien har med bakgrunn i denne styresak også sett i gang bygginga av nytt poliklinikkbygg. I e-post av 4. juni 2010 har Stiftelsen Betanien opplyst at utbygginga av psykiatrisk poliklinikk nå er fullført, og Stiftelsen Betanien bør da bli tildelt 9 mill kroner av midlane for 2010.

I tråd med føresetnader i styresak 127/08 er det i 2009 gjennomført prosessar med Haraldsplass Diakonale Sjukehus og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus for gjennomgang av dimensjoneringsføresetnadane for prosjekta, og ytterlegare drøftingar er gjennomført i 2010. I møter med Helse Vest RHF er det opplyst at prosjektkostnadane nå er berekna til 166 mill kr for rehabilitering av eksisterande bygningsmasse ved HSR og 500 mill kr for gjennomføring av utbyggingsprosjektet ved HDS (eksklusiv parkering og pasienthotell 85 mill kr + 100 mill kr).

Helse Vest har i dialog med desse to institusjonane understreka at dei berre vil kunne pårekne ei delfinansiering av prosjekta. For begge desse prosjekta vil det for Helse Vest RHF vere snakk om ein delfinansiering tilsvarande eit årleg kapitaltilskot innafor totalramma på 21 mill kroner. Kapitaltilskotet vil måtte ha ei lengde på minimum 10 år og gjelde frå og med den tid prosjektet er ferdigstilt, eventuelt noko før.

I utgangspunktet er institusjonane sjølv ansvarlege for ivaretaking av bygg og anna infrastruktur. Dette må skje innanfor ramma av det ordinære tilskotet frå Helse Vest (både til drift og kapital) og ved hjelp av eigne midlar. Eventuelle strategiske midlar er å sjå på som ei tilleggsfinansiering som kjem på toppen av dette.

For den vidare planlegging av desse prosjekta er det frå både HSR og HDS uttrykt eit ønske om å få klarlagt kor stor del av dei strategiske midlane kvart prosjekt vil kunne pårekne å få tildelt. Administrerande direktør rår til at styret gjer vedtak om ein fordeling mellom dei to prosjekta basert på storleiken på prosjekta. Legg ein til grunn 166 mill kr + 500 mill kr så gir det ein fordeling på ca 25% til HSR og 75% til HDS. Det vil tilsvare ein årleg fordeling på 5,25 mill kr til HSR og 15,75 mill kr til HDS. Fordi kr 9 mill av midlane i 2010 går til Stiftelsen Betanien vil fordelinga først kunne ha full effekt frå 2011.

Utbetaling av kapitaltilskot til HSR og HDS vil først vere aktuelt når prosjekteringa er ferdigstilt og bygginga sett i gang. Det endelege konsept som dannar grunnlaget for utbygginga skal bli lagt fram for Helse Vest.

Helse Vest tar atterhald med omsyn til at prosjekta skal vere fagleg gode og at føresetnadane for prosjekta ikkje blir endra. I tillegg må det for kvart prosjekt ligge føre ei samla finansieringsløysing som er realistisk, og det må vere utarbeidd ein heilskapleg finansieringsplan som syner at prosjektet lar seg gjennomføre og at utgiftene kan handterast innafor forventta inntektsramme for institusjonen.

Dersom det ikkje blir aktuelt med utbetaling av kapitaltilskot til HSR og HDS i 2010 rår administrerande direktør til at restbeløpet for 2010 blir sett av som ein reserve til eventuelle andre mindre prosjekt og til uføresette prosjekt.